



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

## Melding om vedtak

Vår ref.  
2019/428/3/

Dykkar ref:  
«REF»

Saksbehandlar  
Laila Nersveen  
61293615

Dato  
30.09.2020

### Kommunal planstrategi for Vågå 2020-2024 - høyring

Formannskapet behandla i møtet 22.09.2020 sak 38/20 og fatta følgjande vedtak:

*"Med heimel i plan- og bygningslova § 10–1 blir forslag til kommunal planstrategi 2020 – 2024 lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veker med følgjande tillegg; Punkt Kultur og frivillighet blir delt i to til; Plan for kultur og plan for frivillighet og livslang læring."*

Planstrategien gjer greie for viktige utviklingstrekk og utfordringar, og prioriterer kva for kommunale planar som skal reviderast i perioden. Synspunkt og merknader sendast Vågå kommune, Edvard Storms veg 2, 2680 Vågå, eller på e-post til [postmottak@vaga.kommune.no](mailto:postmottak@vaga.kommune.no).

Forslag til planstrategi, folkehelseoversikt og drøftingsdokument som viser utviklingstrekk og utfordringar til Vågå kommune er vedlagt. Dette ligg også på Vågå kommune si nettside [www.vaga.kommune.no](http://www.vaga.kommune.no).

Høyringsfrist er sett til 28. oktober 2020.

Med helsing  
Laila Nersveen  
Plan- og miljørådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og er derfor ikke signert*

Vedlegg:

- 1 Utviklingstrekk og utfordringar for Vågå kommune
- 2 Folkehelseoversikt
- 3 Forslag til kommunal planstrategi 2020-2024



| Utv.saksnr | Utval | Møtedato |
|------------|-------|----------|
|            |       |          |

## Kommunal planstrategi 2020-2024

### Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Utviklingstrekk og utfordringar for Vågå kommune
- 2 Folkehelseoversikt
- 3 Forslag til kommunal planstrategi 2020-2024

### Saksframlegg:

Kva er kommunal planstrategi?

Formålet med planstrategi er å klargjere kva for planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Føresegna om kommunal planstrategi er nedfelt i plan- og bygningslova § 10–1 der det heiter:

*”Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.*

*Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer.*

*Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.*

*Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.”*

Som det kjem fram av pbl. § 10–1 skal den kommunale planstrategien vere eit hjelpemiddel for kommunestyret til å avklare kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å imøtekome kommunen sitt behov. Planstrategi skal difor bidra til ein forenkling av

planverket. Vi treng ikkje å ha planar for alt, men vi må ha det på dei områda der vi skal sette inn ekstra ressursar og arbeidskraft.

### Nasjonale forventningar

Regjeringa har fastsett nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging for å gjere planlegginga meir målretta og sikre at viktige nasjonale interesser blir varetatt. Dei nasjonale forventningane er relatert til fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har sluttat seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er difor viktig at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Vågå kommune har forsøkt å ta omsyn til desse forventningane ved utarbeiding av kommunal planstrategi

**Vurdering:** Ved utarbeiding av planstrategi for perioden 2020-2024 er det utarbeidd eit utfordringsdokument som viser utviklingstrekk og utfordringar for Vågå kommune. Dette dokumentet vart politisk behandla i formannskapet og kommunestyret i juni 2020. Vedtak frå denne behandlinga er innarbeidd i utfordringsdokumentet og planstrategien. Det kom mellom anna fram om at det var behov for å seie noko meir om kultur og det er difor opprette eit punkt som heiter kultur i utfordringsdokumentet. I planstrategien er det innarbeidd at det skal utarbeidast ein ny plan innanfor temaet kultur som heiter *Kultur og friviljugt arbeid*. Denne planen skal utarbeidast i løpet av 2022/23.

Det vart vidare vedtatt følgjande:

- Kommunestyret sitt vedtak av 26.10.2017, sak 72/17, med avklaring i forhold til kommunal planstrategi 2016-2020 ved prioritering av reguleringsplanarbeid for Brustuguområdet blir utsett i påvente av at situasjonen rundt ras og flaum er utreda.
- Areal som er avsett til framtidig næringsareal på Lalm i kommuneplanens arealdel 2017-2027, er mogleg ikkje realiserbare fordi det vil bli for kostbart å opparbeide tomtane dersom ein må bygge skredvoll/steinsprangjerde, sette av verneskog i reguleringsplan, kjøpe grunn til skredvoll og sjølve næringstomtane. Vågå kommune må derfor bestille skredfagleg utgreiing av kva det vil koste å sikre framtidig areal som er avsett til næring på Kolbotten. Vågå kommune må parallelt med denne utgreiinga starte arbeidet med å sjå på om det er mogleg å finne anna næringsareal innanfor kommunen som ikkje ligg

innanfor faresone for ras- og skredutsette område. Det kan også vere aktuelt å samarbeide med Sel kommune.

- Innanfor eksisterande næringsområde, både på Lalm og i Vågåmo er det næringsareal som ikkje er i bruk. Dette er areal som er i privat eige. Det bør arbeidast med å utnytte eksisterande næringsareal betre og kommunen bør gå i dialog med grunneigarar for å få utnytta desse areala betre. Det kan eventuelt vere aktuelt å gå i dialog med tanke på mogleg oppkjøp av tomter. Dette kan vere ein billigare måte å få tak i næringstomter på enn å starte regulering av nye tomter i ras og skredutsette område. Vågå kommune bør starte med dette utredningsarbeidet.
- Vågå kommune bør også sjå nærmere på om det er mogleg å finne sentrumsnært areal som kan vere eigna for bustader.
- Dersom det er mogleg å finne nye areal for sentrumsnære bustader og areal for næring må kommuneplanens areal del 2017-2027 reviderast. Det må leggast opp til ein avgrensning som berre tek for seg næringsareal og sentrumsnært bustadareal for å sikre ein rask revisjonsprosess.

Føringar frå desse punkta er innarbeidd i planstrategidokumentet ved at det er lista opp at kommuneplanens areal del skal reviderast med utvalde tema.

Folkehelseoversikt for Vågå kommune frå 2019 er nytta som eit viktig grunnlagsdokument og ei samanfatta versjon ligg som vedlegg til planstrategien. Vågå kommune hadde i 2016 eit folkehelseverkstad der følgjande tema vert trekt ut til å vere hovudutfordringar/satsingsområde i Vågå:

- Psykiske plager og lidingar
- Fråfall vidaregåande skule
- Fysisk (in) aktivitet
- Arbeidsplassar

Den nye oppdaterte folkehelseoversikta frå 2019 viser at dette også er område som bør ha fokus vidare framover i denne planperioda. Det er difor viktig å sikre at kommunen har eit oppdatert planverktøy innanfor desse tema, slik at kommunen har ein plan for korleis desse utfordringane skal møtest og løysast.

Samfunnet er i stadig endring og det er nokre tema som er trekt fram som ein globale trendar i innlandet som også gjeld for Vågå kommune:

- Klimaendringar
- Globalisering
- Teknologigjutvikling
- Urbanisering
- Aldrande befolkning
- Ressursknappheit

Dessa tema har difor fått ekstra omtale i planstrategien, samstundes som det er fokus på at Vågå kommune i 2020 har fått fornøya status som nasjonalparkkommune. For å vere nasjonalparkkommune er det ein del kriteria som må forankrast i kommunen sitt planverk. Det må difor gjennomførast ei mindre revidering av kommuneplanens samfunnsdel i løpet av planperioden. Alle planar som blir revidert i løpet av planstrategiperioden må implementere kriteria for nasjonalparkkommune. Dette er nedfelt i ein handlingsplan som viser kva for tiltak kommunen vil gjere for å innarbeide kriteria i kommunen sitt planverk og i verksemda elles.

Kvar sektor har gått gjennom kva for planar som skal reviderast og vidareførast i kommunestyreperioden. Planstrategien skal vere eit verktøy som skal vere retningsgivande for kommunen sin prioritering av planar.

**Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 10–1 blir forslag til *kommunal planstrategi 2020 – 2024* lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veker.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 22.09.2020**

**Behandling:**

Forslag til endring frå SP v/Mette Vårdal:

- Punkt Kultur og frivillighet blir delt i to til; Plan for kultur og plan for frivillighet og livslang læring.

Samrøystes

**Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 10–1 blir forslag til *kommunal planstrategi 2020 – 2024* lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veker med følgjande tillegg; Punkt Kultur og frivillighet blir delt i to til; Plan for kultur og plan for frivillighet og livslang læring